



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELE FELLESRÅD **09.06.2022 kl. 15.30 - kl. 17.30 i Møtelokala ved Hjelmeland kyrjekontor.**

Til stades: Terje Thornquist, Magnhild Meltveit Kleppa, Olav Frantzen, Sigrunn H Arnesen og Reidunn Ferstad (sekretær)

Forfall: Hilde Smith, Kristin Kostøl Helgaland, Solgunn L Asprusten, Lena Sofie Lundberg,

Møtande varamedlemmar: Gunhild Austigard, Anita Riskedal, Anne Tove Gundersen og Ingjerd Nicolaysen

00/22 GODKJENNING AV INNKALLING, SAKLISTE OG REFERAT FRÅ SIST MØTE

Vedtak: Fellesrådet godkjenner innkalling og saksliste og referat frå møtet 24. mars 2022.

SAK 12/22 ORIENTERING OG REFERATSAKER

Saker som det vart orientert om:

For rekkverk opp til koret i Hjelmeland kyrkje vart det drøfta forslag om ulike løysingar: Alternativ: på ei side, på begge sider eller midt på trappa. Magnhild Meltveit Kleppa vert med L. H. Jørmeland på synfaring i kyrkja for å kome fram til best mogeleg forslag til Riksantikvar og Biskop.

Under informasjon av avviksmeldingar kom det fram ynskje om nøkkelboks på Hjelmeland kyrkje.

Under orientering ang. personalsituasjonen ynskjer fellesrådet ein arbeidsplan for trusopplæring for skuleåret 22/23 til fellesrådsmøte 8. september 2022.

I tillegg til sakene i saksframlegget orienterte Magnhild Meltveit Kleppa frå møtet «Nettverk for fellesrådsleiarar i Rogaland» hadde saman med Bispedømmerrådet 08.06.22 angående framtidig kyrkjeleg organisering.

Hjelmeland sokneråd med hjelp av Fister og Årdal sokneråd vert med på frivilligheitsdagen i Hjelmeland sentrum torsdag 30. juni. Brosjyrar «Velkomne til kyrkja, litt om kyrkja sitt arbeid» som vart laga til frivilligmessa i oktober vert oppdatert av staben ved kyrjekontoret.

Vedtak: Orienterings- og referatsakene vert tekne til orientering.

SAK 13/22 Rekneskap rapport 1. tertial

Driftsrekneskapen for 1. kvartal vart lagt fram i møtet

To postar skil seg ut: Elektrisk energi og vedlikehald på gravplassane.

Sjølv med gunstig KNIF-innkjøpsavtale for kraft og streng styring av oppvarming av kyrkjene har straumen for 1. kvartal kosta meir enn dobbelt så mykje som i 2021. Fellesrådet vil ta kontakt med kommunen om ekstra tilskot for den høge straumkostnaden.

Prisen på tremateriale har stege kraftig og innkjøp av materiale til gjerde til Hjelmeland kyrkjegard, skifting av tremateriale i alle benkane på gravplassane, samt nytt gjerde og hekk på Øye gravplass gjer at vedlikehaldsbudsjettet på gravplassane har allereie eit meirforbruk.

Vedtak: Driftsbudsjett for 1. kvartal vert teke til orientering.

SAK 14/22 Omdømmebygging, bruk av media

Vedtak: Orientering om SoMe kurs vert teke til orientering.

SAK 15/22 Verneplan for gravminne, brev til sogelaget

Magnhild Meltveit Kleppa føreslo å endre ordlyden i innlending i brevet til Hjelmeland sogelag samt gje sogelaget ein tidsfrist for arbeidet. Dette med tanke på at det vert mogeleg å frede gravminna i denne fellesrådsperioden

Vedtak: Fellesrådet vedtok at brevet til sogelaget skal sendast med dei endingar som vart føreslått i møtet.

Sokneråda vert og oppmoda om å kome med forslag til fellesrådet om gravminne som bør vurderast verna etter dei fastsette kriteria i vedtekta.

Sogelaget sitt forslag til freding av gravminne sendast på høyring til sokneråda før Fellesrådet gjer vedtak.

SAK 16/22 Ymse

Grensejusteringa mellom Årdal, Fister og Hjelmeland sokn angående Fjellgardane val-krets er no fullført av kartverket. Etter endingane er medlemstal Dnk i Hjelmeland:

Sokn	Medlemmer juni 2022	Medlemmer i 2021
Totalt	1889	1885
Hjelmeland	1045	994
Årdal	489	516
Fister	375	370

Ryfest: Det vart drøfta om det er aktuelt for sokneråda å ha stand i Hjelmelandsvågen laurdag 3. september.

Hjelmeland, 10.06.2022
Terje Thornquist
Leiar

Reidunn Ferstad
kyrkjevevje